



FYLKESMANNEN I ROGALAND
Landbruksavdelinga

Vår ref.: 2006/1044
Arkivnr.: 523.3

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 00237 - 11	Doknr.:
Mottatt: 31 JAN 2006	
Dyktar ref: LP/SJ/TG	Arkiv: 541.9
Vår dato: 24.01.2006	Avskr.:

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007, Dep.
0030 Oslo

Uttale til utkast til Forskrift om tilskudd til tiltak for å tilrettelegge beitearealer for gjess

Viser til høringsbrev datert 14.12.05 der ulike instansar er bedt om å komme med uttale til "Forskrift om tilskudd til tiltak for å tilrettelegge for beitearealer for gjess"

I Rogaland har vi det siste året arbeidd mykje med å redusere beiteskader frå gjess. Problem med beiteskade for gjess var i enkelte område så store det er etablert ei eiga tilskotsordning gjennom Regionalt miljøprogram for dei som sette av friområde for gås. Vi ynskjer gjennom dette brevet å orientere om kva erfaringar som er gjort i Rogaland med å avsette "friområde". Vi ynskjer også å kome med nokre tilbakemeldingar på verkeområde for forskrifta.


Både på hausttrekk og vårtrekk stopper ein stor mengde grågås i Rogaland. Særleg utsett er områda rundt Orrevatnet og Grudevattet og til dels Lonevatnet i Klepp og Sandnes kommune. Desse store gåseflokkane på opp til tusen fuglar har gitt til dels store beiteskader for fleire bønder. I 2005 vart det, i samråd Fylkesmannen, kommunen og grunneigarlaget, gjort avtale med 6 grunneigarar der det vart avsett beiteområde på totalt 150 dekar. På desse areala vart det forbode med all type jaging/jakt. Det vart også lagt ut fôr i korte periodar. Tilbakemeldinga etter dette første året er svært god. Tilgrensande naboar gir tilbakemelding om reduserte beiteskadar. Fylkesmannen, Landbruksavdelinga er derfor innstilt på å vidareføre ordninga.


Når det nå ser ut til å verte etablert ei nasjonal ordning for å legge til rette for friområde for gås, meiner Fylkesmannen at det hadde vore naturleg å innlemme dei områda som allereie er avsett til frie beiteområde i Rogaland i denne ordninga. Vi ber derfor om at forskrift utvida til også å gjelde grågås.

Vedlegg:

Avtale inngått med grunneigar om å setje av friområde for gås

Med helsing


Joar Øftedal
ass. landbruksdirektør


Synnøve Hognestad
fylkesagronom

Saksbehandlar: Synnøve Hognestad
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 86
E-post: synnove.hognestad@fmro.no

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
			www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

AVTALE

mellom Sandnes kommune og
grunneigar Else Edland
Jærveien 362 4322 Sandnes
gnr/ bnr 52 / 7
Tidsrom: Avtalen gjelder for 2005
Avtaleområde: Frie beiteområde for svaner og gjæser.

Mellom grunneigar Else Edland, gnr 52 / 7 og Sandnes kommune er det gjort fylgjande avtale:

For 2005 stiller grunneigaren avmerka beiteområde på vedlagte kart, til saman 20 dekar, til disposisjon for svaner og gjæser. Fuglane kan beite og opphalda seg på avmarka område utan å verta forstyrra. Jakt er ikkje tillate i det avmerka området.

Avtalen er inngått som fylgje av "Regionalt miljøprogram for jordbruket i Rogaland" for å avgrensa og kompensera for beiteskadane desse fuglane gjer på landbrukseigedommane. Avtalen gir rett til søknad om tilskot om miljøtiltak i jordbruket i Rogaland (Regionalt miljøprogram), jfr §17 i førebels utkast til forskrift med søknadsfrist 1.oktober.

Denne avtalen opnar for individuelle tilleggsavtaler vedrørande skjøtsel av områda og eventuell føring, dersom partane ynskjer dette.

Ved underskrift av avtalen forpliktar sækjar seg til gjennomføring av tiltaket, jamfør vedtekne reglar og forskrift om Regionalt Miljøprogram. Eventuelle endringar av innhaldet i avtalen / skjøtelsesplanen skal godkjennast av kommunen. Brot på avtalen / skjøtelsesplanen, kan føre til at tilskot vert trekt tilbake.

Etter 2005 skal avtala evaluerast og det kan vera aktuelt med endringar og justeringar før det eventuelt gjerast ny avtale for 2006 og seinare år.

Sandnes den 04.05.2005

Sandnes kommune
Landbrukskontoret

Else Edland
grunneigar

§ 17 Tilskot til beiteområde for gås og svane

Det kan gjevast tilskot til definerte område som er sett av til beiteområde for gås og svane rundt Orrevatnet og Lonevatnet i Klepp kommune og Sandnes kommune. Områda må ligge innanfor eksisterande problemområde for gås og svane, og områda skal vere godkjende av kommunen, grunneigarlag og Fylkesmannen. Kommunen eller Fylkesmannen kan setje krav om plantedekke.